



Mattilsynet  
Felles postmottak, Postboks 383  
2381 BRUMUNDDAL

## Avstandskrav til vatn ved bruk av plantevernmiddel i fruktdyrkinga i Hardanger

### Problemstilling - Situasjon i dag

Krav til avstand til vatn og vassdrag har fått auka fokus i samband med innføring av ny forskrift om plantevernmiddel, nye plantevernjournalar og fleire kontrollar. For mange vanleg brukte plantevernmiddel i fruktdyrkinga er det krav om 30 meter avstand til vatn. I Hardanger renn mange opne bekkar gjennom frukthagane. Avstandskravet får difor sær store konsekvensar for fruktdyrking på mange gardar i Hardanger då plantevernmiddel som er vanleg å bruke i konvensjonell dyrking, ikkje kan nyttast på desse områda. Dette reduserer høve for produksjon av kvalitetsfrukt som igjen har store økonomiske konsekvensar som følgje. Det er knappheit på gode fruktareal i distriktet, og det let seg oftast ikkje gjere å dyrke opp nye areal lengre borte frå bekkene. Dette gjeld særleg for Ullensvang, som er den største fruktkommunen i Noreg. Dersom arealkravet vert handheva på ein streng måte, kan det føre til at mange vil legge bekkene i røyv for å kunne halde fram med den økonomisk viktige fruktdyrkinga. Dette vil kunne få konsekvensar for kulturlandskapet, ras og flaum.

### Ønskje om tiltak

Fylkesmannen i Hordaland ønskjer at ein får ei god løysing på denne utfordringa, og ber Mattilsynet sjå på moglegheiter for å tillate mindre avstand til vatn dersom føretaket gjennomfører avdriftsreducerande tiltak på areala nær vassdrag. Tiltaka bør ikkje vere «kopi av avdriftsreducerande tiltak i nabolanda», men bør bli vurdert konkret ut frå kva som i dag er vanleg praksis for bruk av plantevernmiddel under våre tilhøve, og kva som kan vere praktisk mogleg å gjennomføre når ein òg tek omsyn til drift i bratte bakkar. Vidare har vi mange små bruk som gjer at ein ikkje kan ha store forventningar til investeringar i sær kostbart sprøyteutstyr. Ved å innføre ei «gulrot» for avdriftsreducerande tiltak i fruktdyrkinga, håpar vi det kan bli mogleg å halde fram med økonomisk berekraftig kvalitetsproduksjon av frukt, og samstundes ha gode tilpassa tiltak for å redusere risiko for skadeleg påverknad til vassmiljøet. Det er behov for retningslinjer om korleis dette kan bli handtert alt i forkant av vekstsesongen frå våren 2018. Dersom det er ønskjeleg kan Fylkesmannen i Hordaland bidra i arbeidet med å vurdere avdriftsreducerande tiltak, men vil også peike på kompetansen på dette området mellom anna i Norsk Landbruksrådgiving Vest.

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*